



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjebø sokneråd

Kyrkjebø, 23.10.2025.

Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd.

Møtedato: 23.10.2025.

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Andreas Elster, Jens Ole Årdal, Jofrid Nordstrand Forthun, Kari Henny Dale, Ole Ivar Luggenes og Sjur Håvard Øygard og Arvid Solås.

.

Kopi av protokollen går til:

Medlemar i KSR, kyrkjevevja og postmottak v. Høyanger kommune.

Sakliste:

Godkjenning av innkalling og sakliste.

Godkjenning av referata frå møte 04.09.2025.

Sidan sist. Postlista.

Soknepresten har ordet.

Vedtakssaker.

Meldingssaker.

Ymse.

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Ingen merknader.

Godkjenning av referat frå møte 04.09. 2025.

Ingen spesielle merknader.

Sidan sist:

Medlemane snakka omkring arrangement og aktivitetar som hadde vore arrangert sidan sist møte.

Postlista:

Leiar melde om at det sidan sist møte ikkje hadde kome inn nemneverdig post.

Presten har ordet:

Teksten som Presten snakka om, var Lukasevangeliet, kap.15, vers 11-32, som handlar om likninga, den fortapte sonen.

Vedtakssaker:

Sak 008/25: Markeing av saniteten si gåve til kyrkja.

Sanitetslaget på Kyrkjebø har gjeve ei gåve til Kyrkjebø kyrkje. Gåva dreiar seg om eit antal sitteputer, som publikum kan gjere seg bruk av, når dei vitjar kyrkja. I den samanheng, vil soknerådet gjerne tilbakebringe ei stor takk til Sanitetslaget.

Medlemane diskuterte så korleis dette kunne gjerast på eit godt og tydeleg vis.

Vedtak: Soknerådet, ved leiar, tek kontakt med avisa Ytre Sogn, der ein inviterer til omtale av gåva, gjerne i Kyrkjebø kyrkje. Soknerådet vil så invitere medlemar i laget til medarbeidarfesten rådet planlegg å arrangere etter nyttår, for der å overbringe blomst og ei formell takk for gåva.

Sak 009/25: Minnegudstenesta og blomar til pårørande.

Tradisjon tru, vil det i soknet også i år bli delt ut blomar til pårørande som har gått bort siste året Samstundes vil det bli invitert til minnegudsteneste i Kyrkjebø kyrkje den 02.11.25. På møtet gjekk ein igjennom lista over kven som er nære pårørande i soknet.

Vedtak: Rådsmedlemane deler ut blomar til dei pårørande som har gått bort siste året og vil samstundes invitere desse til felles minnegudsteneste for Høyanger og Kyrkjebø. Gudstenesta vil føregå i Kyrkjebø kyrkje førstkomande sundag den 02.11.25. Medlemane deler ut blomane etter liste, slik det vart fastlagt på møtet.

Sak 010/25: Dekor og inventar i Kyrkjebø kyrkje.

Ein syner til tidlegare forslag om å kunne vise fram ulike gåver kyrkja har fått s.t.d tekstilar og inventar. Vidare har det vore nemt at ein kanskje bør gjere litt om på noko av den eldre fotomontasjen, fordi denne er prega av aldring og såleis treng vedlikehald. På møtet vart det diskutert korleis ein på best mogeleg vis kan organisere og gjennomføre eit slikt prosjekt.

Vedtak: Soknerådet oppretter ei nemd, som har som mandat å legge fram ein plan for det vidare arbeidet med utforming av dekor og utstilling i kyrkjerommet.

Nemda skal så langt råd framskaffe opplysningar om det aktuelle materiellet og føreslå løysingar for korleis utstillinga kan gjerast reint praktisk, innanfor dei rammer ein må halda seg til. Kari Henny, Ole Ivar og Sjur Håvard vil vere nemnda sine medlemar. Nemda vil ha som mål å legge fram eit forslag til løysing innan 30.03.2026.

Meldingssaker:**25014: Årshjulet 2025.**

Årshjulet fram mot årsskifte vart sett på, og oppgåvene som kyrkjevert vart fordelte.

Det blir felles minnegudsteneste, saman med Høyanger sokn, i Kyrkjebø kyrkje, den 02.11. Etter gudstenesta, vil det bli lagt opp til å ha verdisamtale under kyrkjekaffien og Andreas har i den samanheng førebudd eit opplegg for ein slik samtale.

Det vert julekonsert i Kyrkjebø kyrkje den 09.12 kl. 19.00 og i Vadheim Bedehus den 10.12 kl. 19.00.

I fjor vart det arrangert julespel, saman med skulen og dette vart opplevd som eit fint tiltak. Andreas og Inger-Cecilie vil også i år lage eit opplegg for dette og gjennomføre eit slikt arrangement den 16.12. kl.14.00.

Leiar vil forhøyre seg i Vadheim, om nokon har høve til å vere kyrkjevert julafta.

25015: Høyring om kyrkjevalet:

Ein syner til tidlegare tilsent høyringsdokument, der sokneråd og fellesråd, er inviterte til å komme med uttale i høve høyring om kyrkjeval-reglane. Frist for uttale er

21.11.25. Enkelte sokneråd (og fellesråd) er spesielt oppfordra til uttale, men i dette høvet gjeld ikkje oppmodinga for vårt sokn. Etter litt informasjon og drøfting, synte det seg at alle medlemmane var samde om at rådet kunne sløyfe uttale i denne saka.

Sak ymse:

Lekasje i kyrkjerommet.

Det er registrert lekkasje under himlinga inne i kyrkjerommet, og for at skadene ikkje skal få utvikle seg enno meir, bør dette reparerast så snart som råd.

Saka er kjend, og leiar meddelte at den allereie er innrapportert til kyrkjekontoret.

Referent:

Jens Ole Årdal.